



Mange kom på første samling i Hobbyklubben.

Sist mandag var første kveld i Hobbyklubben i bedehuset denne sesongen. Oppmøtet var svært godt med 27 framømte i aldersgruppa frå 5.klasse og opp til konfirmantane. Hobbyklubben har vore eit populært tilbod gjennom mange år, og det er gledeleg å sjå at så mange framleis set pris på denne aktiviteten, og at det stadig kjem mange nye medlemmer.



Svanhill Haugland leiar hobbygruppa. Ho heldt andakt første kvelden.

Leiar i Hobbyklubben Tore Mathiesen fortel at dei hadde ei svært kjekk førstesamling der det var allsang, andakt og forskjellige leikar. Det vart også servert bollar og saft. Ein viktig post på denne samlinga var at medlemmane fekk velja aktivitet for haustsemesteret.

- Det vert matgruppe med Oddbjørg Heimark som leiar, hobbygruppe leia av Svanhill Haugland, medan Jon Harald Kjærland skal leia avisgruppa. Sjølv skal eg ha konfirmantane i ei gruppe som har drama og litt andre småting, fortel Tore Mathiesen til uskedalen.no. Konfirmantane har Hobbyklubben som ein del av konfirmantundervisninga no i haust.

For både uskedelingar og mange andre med tilknytning til bygda, er det kjekt å få stadfesta at det vert julenummer av Uskedalsposten. Nye, ivrige og unge journalistar er klar til å gå i gang med førebuingsarbeidet.

- Elles kjem opplegget på klubbkveldane vera etter same mønster som tidlegare år, seier Tore Mathiesen og legg avslutningsvis til at Hobbyklubben har møte mandagar i partalsveker frå kl.19 til 20.30.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto Tore Mathiesen